

Frå boka

«Huldra, draugen og fanden sjølv»

Redigert av Ove Eide, bilder av Finn Egil Eide ...

... inspirasjon

Jostedalsrypa

Segn frå Luster

Då Svartedauden gjekk i landet, var det mange av dei gjæveste slektene i Sogn som drog opp i Jostedalen og ville på den måten sleppe sotta. Der busette dei seg og bygde hus og rudde gardar. Men dei hadde gjort den avtalen med folk nede ved fjorden at dei ikkje måtte sjå innom dei før sjukdommen var over. Ville nokon skrive til dei, måtte dei legge breva sine under ein bestemt stein. Denne steinen har dei sidan kalla Brevsteinen. Under han kunne dei og hente brev, dei som levde att ved sjøen. Steinen ligg tett attmed vegen fra Jostedalen til Luster.

Kor omtenkte og vare dei enn var, kom Svartedauden til Jostedalen med, og der skura han så på at alle rauk til så nær som ei lita jente. Somme seier at det til grannesokna i Gudbrandsdalen kom sjølvstelles sju bølingar med sine bjøllekyr. Ingen kom og leita etter dei, men det var somme som trudde dei laut høyre til i Jostedalen. Gjorde dei det, laut det visst stå gale til. Før då nokre hit over fjellet og ville sjå korleis tilstanden var.

Husa sto tome, og mange av dei døde var ikkje gravlagde. Dei fór gjennom heile dalen, men dei såg ikkje røyk frå ei einaste stove og fann ikkje eit einaste liv.

Då dei kom fram til Mjelvesdalen, såg dei far etter menneske i nysnøen. Dei følgde det, og på garden Bjørkahaug såg dei ei lita jente. Med det same ho vart vår dei, la ho på sprang inn i bjørkeskogen; men dei var god til å ta henne. Dei spurde henne om ymist, men ikkje skjøna ho dei og ikkje dei henne, så nær som nokre ord: «Mor, vesle rypa.» Dei fortel at då mora hennar døydde, sette ho mat att på bordet, smette jenta i ei fjørseng og stakk mat nedi der, så ho i alle fall ikkje skulle svelte i hel. Då dei fann henne, var det vakse fast fjør på henne.

Mennene tok henne med heim, og ho vart ei skikkeleg og bra jente. Nokre fortel at ho vart gift og budde på Bjørkahaug, men fleire seier at ho busette seg på Runnøy i enden av Gaupnefjorden, det jostedølene køyrer til fjords. Dei kalla henne Jostedals-rypa, etter det mor hennar hadde sagt, då ho stakk henne ned i fjørsenga. Og slekta hennar kalla dei Rypeslekta; dei var gjæve og mektige folk. Denne slekta hadde det til merke framfor andre, at ho hadde «fuglehold», det vil seie store, opne sveittehol i holdet og huda etter den duna som var byrja vekse på henne.



EINSAM

Jostedalsrypa

**KLIKK PÅ SIDA >
OG DU FÅR MELODIEN**

Når døden gjekk si svarte ferd i landet
braut mange opp frå fjord og tok til fjells,
la bak seg pestens grep, og gard og granne,
og frykta styggedom i rottepels.
La fram ein eigen stein, for Brevstein nemna,
eit skilje mellom det som er og var,
fortelje om det nye liv dei femna,
og finne von i fjordafolkets svar.

Men pesten tok sitt tak om alt og alle
og kyrne trakk seg bort og sprang mot aust
og folket såg og følte lagnadsfallet
og dei fann svarte liv og dødens haust.
Men det var spor av barnefot på enga,
ei lita taus forskremd med seng av fjør,
ho hadde maten stukke ned i senga
og huda dekt av dun som ingen før.

So seier segna: fugleungen nekta,
den vesle rypa nekta plent å dø,
om pesten tok dei alle, heile slekta,
bar ho ein draum om daglegliv og sjø.
So seier segna: ho vart gift ved stranda
og hennar ætt vart stor i heim og hall.
Eg tenkjer livet heldt deg trygt i handa,
og gav deg vengjesus i solefall.

FREDDIE LANGRIND 2018

© Eide / Eide / Langrind

Eg har ofte reist gjennom Lom mot Stryn, men også tatt inn i vakre Bøverdalen mot Jotunheimen. Etter flyttinga vestpå tok eg i 2017 vegen frå andre sida, frå Sogndal, overnatta i Gaupne, Luster kommune, vidare til fantastiske Turtagrø og inn i Jostedalsrypas rike. Eg ville sanse åstaden.